

Desember 2008

### **Ordføreren sitt hjørna.**

Det stundar mot jul. Det er berre under 3 veker att, og desember er i gang. Det er like før kommunestyret skal vedta budsjettet for 2009 og økonomiplanen for 2009 - 2012. Dette er ei krevjande sak kvart år. Det er mykje me kunne ynskje å gjera, men pengane strekkjer ikkje til for alt.

### **Budsjett 2009**

Budsjettet i år er stramt, slik det har vore dei siste åra. Tillegga i skatteinntekter og rammeoverføringar er slik at det dekker lønns- og prisveksten, men ikkje meir. Me greier å vidareføre den aktiviteten me har, og det er funne rom til til nokre små nødvendige tillegg.

Eleventalet i Hemsedal aukar, og det er nødvendig med meir lærarkrefter inn i skulen. Det er etter kvart også mange elevar som ikkje har norsk som sitt fyrstespråk. Dette krev ekstra innsats. Dei 3 skulane er tilsaman styrka med i underkant av 1 million kroner. Det burde kanskje ha vore meir. Utover det er det små endringar, men me vil styrke velferstiltaka for eldre, og det er lagt opp til ein liten auke i tilskot til lag og organisasjonar.

Det frivillige arbeidet betyr mykje for trivsel og velferd, me finn det rett å støtte opp om dette arbeidet så godt me kan.

### **Forvaltning av andels- og konsesjonskrafta**

På forrige kommunestyremøtet vedtok kommunestyret å framleis forvalte andels- og konsesjonskrafta vår gjennom Hemsedal Energi. Det blir såleis ingen endring i så måte, men Hemsedal Energi kjem etter kvart attende med opplysningar til abonnentane vedkomande prisar og andre forhold.

For kommunen og budsjettet vårt betyr dette at me for 2009 tek ut 16 millionar kroner som me nyttar med 8 millionar kroner inn i driftsbudsjettet. Det er same summen som me brukar i 2008, slik at der er det ingen endring. Me nyttar 6 millionar i investeringsbudsjettet, og 2 millionar blir avsett til enøk- og til næringsfond.

Regelverk for bruken av dette fondet kjem me attende til seinare.

### **Store investeringar i åra som kjem**

Investeringa for Hemsedal kommune er store i åra som kjem. Det er særleg nye utbyggingar innan vatn og avløp som dreg dei største summene, men for 2009 er det også siste del av barnehageutbygginga, asfaltering på Grøndalsvegen, kjøp og tilrettelegging av næringsareal, gangveg langs Kyrkjebønsvegen og diverse utstyr til teknisk drift som gjer at investeringane er budsjettet med over 29 millionar kroner.

Dette blir finansiert med uttak av tilsaman 12 millionar frå dei 2 kommunale foretaka våre (Hemsedal Energi og Hemsedal Elektro) og med 6 millionar kroner som anleggsbidrag frå utbyggarar rundt Holdebakken.

Me vil måtte ta opp 8 millionar i nye lån, men det er ikkje stort meir enn det me betalar ned på eksisterande lån. Kommunen har tett oppunder 90 millionar i gjeld. Renta er derfor svært viktig for oss. Hemsedal kommune har heldigvis ingen pengeplasseringar på børsavhengige fond eller andre risikoprojekt.

Me trur me kan gje innbyggarane gode tenester også i året som kjem.

### **God jul og godt nyttår!**

Helsing Oddvar